



Britt Karin Muri
Engeveien 1
5096 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/4514 - 20/27959

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
13.05.2020

Vedkomande oppretting av grunneigedom - gbnr 83/1 Spjotøy

Syner til søknad om frådelling og førespurnad til kommunen vedkomande etablering av nausttomt.

Frådelling av grunneigedom for fritidsbustad:

Det er søkt om frådelling av grunneigedom for gbnr 83/5. Denne er registrert som ei festetomt. Det er difor naudsynt å avslutte festeavtalen før ein kan dele i frå denne som ei sjølvstendig eigedom. De må difor ta kontakt med Kartverket fyst, og avslutte den eksisterande festeavtalen. Dokumentasjon på at dette er utført skal sendast til kommunen og de kan då nytta dette saksnummeret.

Frådelling av ny grunneigedom for naustføremål:

Det vart sendt inn ei førespurnad om korleis ein kan dele i frå ei ny nausteigedom. Dette vil i utgangspunktet vere ei vanleg søknad om frådelling. Som vedlegg til dette skrivet har eg lagt eit søknadsskjema De kan nytta. Slik eg tolkar det skal denne naustetomta vere knytt til fritidseigedom. Det vil da vere aktuelt å samanføye ei ny naustetomt med fritidseigedom. Dette skal handsamast etter matrikkellova og hos avdeling for Kart og oppmåling her hos kommunen.

Dersom den fortsatt skal ha eit eiga bruksnummer, vil dette vere ei naustetomt som er fritt omsetteleg. Det settast da krav til at ein kan parkere innan gåavstand.

Generelt opnar vi ikkje opp for etablering av nausttomtar utan at de er knytt til bustader eller fritidsbustader i nærleiken, slik at det vil truleg stillast krav til samanføyning.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema deling, arealoverføring mm

Mottakarar:

Britt Karin Muri
Jakob Valle

Engeveien 1
Spjotøyvegen 347

5096 BERGEN
5955 LINDÅS